



GULEN KOMMUNE
HISTORISK OG FRAMTIDSRETTA



HANDLINGS- OG ØKONOMIPLAN 2018-2021

Vedtatt av Gulen kommunestyre, K-sak 37/17, datert 22.06.17

INNHALD

GENERELLE FØRESETNADER.....	3
<i>Folketalsutvikling</i>	3
<i>Langsiktige mål for Gulen kommune</i>	3
ØKONOMISK HOVUDOVERSYN.....	5
INNTEKTSFØRESETNADER.....	5
<i>Dei frie inntektene</i>	5
<i>Skatt og rammeoverføringar</i>	6
<i>Eigedomsskatt og konsesjonskraftinntekter</i>	6
<i>Konsesjonsavgift</i>	6
<i>NORM-deponiavgift</i>	6
<i>Havbruksfond</i>	6
<i>Øvrige generelle statstilskot og kompensasjon for meirverdiavgift</i>	7
FINANS- OG UTGIFTSFØRESETNADER.....	7
<i>Renteinntekter og utbytte</i>	7
<i>Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter</i>	7
<i>Bundne avsetningar</i>	7
<i>Pensjonsføringar</i>	7
<i>Dekking av underskot/Frie avsetningar</i>	8
DRIFT 2018-2021.....	8
<i>Prioritering dei siste åra</i>	8
<i>Økonomiske nøkkeltal dei siste åra</i>	8
<i>Økonomiske framtidsutsikter for drifta i planperioden</i>	8
<i>Føringar frå kommuneplanen sin samfunnsdel for planperioden</i>	9
<i>Føresetnader for løns- og prisutvikling</i>	10
<i>Økonomiske rammer for 2018-21</i>	10
<i>Nye satsingar</i>	10
<i>Kommentarar til nye satsingar</i>	11
<i>Kostnadsreducerande tiltak/Auka finansiering</i>	12
<i>Kommentarar til kostnadsreducerande tiltak/auka finansiering</i>	12
<i>Endringar i rammer i planperioden</i>	14
INVESTERINGAR 2018-2021.....	14
<i>Kommentarar til investeringane</i>	15

GENERELLE FØRESETNADER

Folketalsutvikling

Pr 01.01.17 hadde Gulen kommune eit folketal på 2 371, litt høgare enn for ti år sidan. Tal born og ungdom har minka, medan pensjonistgruppa har auka.

Innbyggjarar i Gulen pr. 31.12.	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
0-5 år	154	134	129	123	130	123	123	129	138	146
6-15 år	333	317	324	311	300	297	292	277	287	277
16-66 år	1 455	1 433	1 442	1 461	1 471	1 470	1 476	1 480	1 482	1 475
67-79 år	240	236	250	250	259	267	271	295	315	320
80 år og over	174	163	157	151	150	148	153	154	148	153
Til saman	2 356	2 283	2 302	2 299	2 310	2 305	2 315	2 335	2 370	2 371

Folkemengd, alder, pr. 31.12., %	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
0-5 år	6,5	5,9	5,6	5,4	5,6	5,3	5,3	5,5	5,8	6,1
6-15 år	14,1	13,9	14,1	13,5	13,0	12,9	12,6	11,9	12,1	11,7
16-66 år	61,8	62,8	62,6	62,6	63,7	63,8	63,8	63,4	62,5	62,1
67-79 år	10,2	10,3	10,9	10,9	11,2	11,6	11,7	12,6	13,3	13,5
80 år og over	7,4	7,1	6,8	6,5	6,5	6,4	6,6	6,6	6,2	6,5

Statistisk sentralbyrå (SSB) lagar kvart år framskrivingar av folketalet for alle kommunar. Juni 2016-versjonen av framskrivingane, fordelt på ulike aldersgrupper, syner slike tal:

Innb. pr. 01.01.	2017	2018	2019	2020	2025	2030	2035	2040
0-5 år	151	152	160	162	171	168	160	157
6-15 år	266	276	274	262	269	296	307	298
16-66 år	1 479	1 489	1 502	1 506	1 505	1 464	1 498	1 528
67-79 år	331	326	327	334	346	353	372	387
80-89 år	114	116	117	116	137	189	185	186
90 år eller eldre	41	38	38	40	37	39	49	73
	2 382	2 397	2 418	2 420	2 465	2 509	2 571	2 629

Kjelde: SSB 2016, alternativet MMMM – middels utvikling når det gjeld fertilitet, levealder, innanlandsk flytting og innvandring.

Framskrivningar er uvisse; tala frå SSB i juni 2016 reknar til dømes med 79 færre innbyggjarar i 2040 enn same framskrivinga året før. Framskrivningstala er nok mest stabile for pensjonistane, som flyttar sjeldnare. Tabellen over har 2 382 innb. som utgangspunkt i 2017, 11 meir enn det faktiske talet vart, og 22 fleire enn pr 31.03.17. Neste framskriving frå SSB, som er venta i juni, vil difor truleg syne lågare tal i heile perioden fram til 2040.

Langsiktige mål for Gulen kommune

Samfunnsdelen av kommuneplanen 2012-24, vedteke i K-sak 2/14 den 30.01.14, inneheld slik visjon:

GULEN - HISTORISK OG FRAMTIDSRETTA
med:
gode oppvekstvilkår
livskraftige og samarbeidande bygder
mangfald og rom for alle

Hovudmålsetjinga er formulert slik:

Gulen skal vere ein god og trygg kommune å bu i!

Målet er at innbyggjartalet i kommunen skal auke til minimum 2 500.

For å få dette til, må vi utnytte og utvikle kommunen sine sterke sider:

- Vi har gode oppvekstvilkår for barn og unge. Dette vil vi ta vare på ved å legge til rette for gode psykososiale oppvekstvilkår, og ved å skape gode fysiske rammer for barnehagar, skular og aktivitet i nærmiljøet.

- Vi er nær Mongstad og Bergen, og har bedrifter som utnyttar veksten i Nordhordlandsregionen. Den utviklinga vil vi aktivt dra fordel av. Ilandføring av gass i Fensfjordområdet er viktig for både Gulen og Sogn og Fjordane.
- Vi har aktive og driftige frivillige lag og organisasjonar i kommunen. Det er viktig at kommunen bidreg til å styrke deira rolle i lokalsamfunnet og stimulere til aktivitet og frivilligheit.
- Vi har Gulatinget og mykje flott natur. Dette vil vi forvalte med omtanke, og utnytte til å skape utvikling i landbruket, reiseliv og turisme.
- Me må vidareutvikle og styrke tilbodet og kvaliteten vår på idrett, friluftsliv og kultur til alle våre innbyggjarar.

Vi må styrke dei områda der vi har utfordringar:

- Vi må få fleire varierte arbeidsplassar i kommunen
- Vi må arbeide for god infrastruktur, både internt og ut av kommunen
- Vi må skape lågterskeltilbud både ved å legge til rette for det i nærmiljøa og ved å synleggjere dei. Ei god utvikling får vi berre til gjennom samarbeid. Vi ynskjer at samarbeid skal prege samhandlinga mellom dei fire krinsane i kommunen. Vi vil delta i samarbeidsoppgåver med private næringar og frivillige lag og organisasjonar, og med andre kommunar.

Utviklinga må vere berekraftig og ta omsyn til naturen og miljøet vårt. Klimaendringar og forureining kan få store konsekvensar for oss, og vi må ta vår del av ansvaret.

Planen inneheld tre hovudinnsatsområde, med mål og strategiar:

BUSETNAD/KOMMUNALE TENESTER

Mål:

Auke innbyggjartalet til minimum 2 500
Behalde 4 livskraftige bygdesenter med levande grender rundt
Sikre innbyggjarane gode tilbod
Skape møteplassar
Trygge og framtidsetta bustadområde.

INFRASTRUKTUR/NÆRINGS LIV

Mål:

Fleire lønsomme og varierte arbeidsplassar
Kommunen skal vere eit felles bu- og arbeidsområde
Minske avstandsulemper

BARN OG UNGE/KULTUR

Mål:

God kvalitet på tenester til barn og unge
Trygge og gode oppvekstvilkår
Skape felles identitet.

Strategiane i samfunnsdelen skal bidra til at måla i hovudinnsatsområda vert oppnådd, og er sett opp for kvart av måla. Handlings- og økonomiplanen for 2018-21 inneheld dei konkrete tiltaka som skal gjennomførast innafor kvar av strategiane i planperioden, utifrå dei økonomiske rammene kommunen ser ut til å ha i planperioden. Strategiane og tiltaka er sett opp under kapitlet Satsingsområde.

ØKONOMISK HOVUDOVERSYN

Slik ser det økonomiske hovudbiletet ut nokre år bakover og framover (summane 2018-21, som utgjer økonomiplanen, er utifrå 2017-nivå på folketal og løn/prisar):

(ALLE TAL I 1000 KR)	Rekneskap			Rev.b. 2017	HØP 2018	HØP 2019	HØP 2020	HØP 2021
	2014	2015	2016					
Skatt på formue og inntekt	61 093	62 353	71 148	70 469	70 558	70 558	70 558	70 558
Rammeoverføring*	91 745	91 670	92 750	93 169	92 962	92 842	93 030	92 850
Eigedomsskatt + kons.kr.inntekter	12 771	15 596	15 361	15 881	18 381	18 481	18 581	19 181
Konsesjonsavgift	339	351	367	351	351	351	351	351
NORM-deponiavgift	4 554	6 907	95	2 088	2 000	2 000	2 000	2 000
Havbruksfond				500	1 000	1 000	1 000	1 000
Generelle statstilskot, flyktningar o.a.	1 463	2 608	7 139	8 820	8 820	8 820	8 820	8 820
Sum frie inntekter	171 965	179 485	186 860	191 278	194 072	194 052	194 340	194 760
Renteinntekter og utbytte	5 354	4 012	4 027	4 021	3 971	3 921	3 871	3 821
Renteutgifter og andre finansutg.	-2 571	-2 125	-2 048	-3 220	-3 380	-3 740	-4 340	-5 140
Avdrag på lån	-4 336	-5 249	-5 249	-7 100	-7 420	-7 740	-8 460	-9 660
Netto finansinntekter/-utgifter	-1 553	-3 362	-3 270	-6 299	-6 829	-7 559	-8 929	-10 979
Avsetting til/bruk av bunde fond*	-610	-542	-539	-531	-531	-531	-531	-531
Pensjonspremieavvik	1 188	-663	2 244	4 163	4 163	4 163	4 163	4 163
Tidl. pensjonspremieavvik	0	0	86	-160	-882	-1 604	-2 326	-3 048
KLP-betaling av pensjonspremie	3 925	3 887	2 834	700	700	700	700	700
Bruk av tidl. års mindreforbruk	3 621	3 215	5 355	3 995	0	0	0	0
Frie avsetningar*/bruk av frie fond	-4 840	-5 931	-4 614	-2 428	-147	-1 825	-2 171	-269
Netto avsetningar	3 284	-34	5 366	5 739	3 303	903	-165	1 015
Avskrivning og kalk. renter, motpost	5 181	5 824	6 585	6 416	6 416	6 416	6 416	6 416
Til fordeling drift	178 877	181 913	195 541	197 134	196 962	193 812	191 662	191 212
Fordelt til rammeområde:				-365	-365	-365	-365	-365
100 Ymse føremål	23 960	23 005	24 056	27 220	28 085	26 735	26 585	26 735
2xx Oppvekst	48 630	49 944	53 768	55 209	54 809	54 309	53 309	52 709
3xx Omsorg	81 099	79 786	87 774	90 589	90 112	88 912	87 912	87 912
400 Plan, landbruk og teknisk	21 973	23 823	25 948	24 481	24 321	24 221	24 221	24 221
Sum fordelt til drift	175 662	176 558	191 546	197 134	196 962	193 812	191 662	191 212
Resultat (inkl. frie avsetningar)	3 215	5 355	3 995	0	0	0	0	0

Rammeområde, %-vis fordeling	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
100 Ymse føremål	13,6	13,0	12,6	13,8	14,2	13,8	13,8	14,0
2xx Oppvekst	27,7	28,3	28,1	28,0	27,8	28,0	27,8	27,5
3xx Omsorg*	46,2	45,2	45,8	46,0	45,7	45,8	45,8	45,9
400 Plan, landbruk og teknisk	12,5	13,5	13,5	12,4	12,3	12,5	12,6	12,6
SUM	100,0	100,0	100,0	100,2	100,0	100,0	100,0	100,0

Det som står vidare i dette dokumentet byggjer på postane i hovudoversynet over. I hovudsak er dei "frie inntektene" forklart under Inntektsføresetnader, finansielle tilhøve under Utgiftsføresetnader, og budsjettrammene for dei ulike delane av den kommunale verksemda under Drift. Kapitlet Investeringar påverkar i første rekkje dei finansielle tilhøva under utgiftsføresetnader.

INNTEKTSFØRESETNADER

Dei frie inntektene

Frie inntekter er inntekter som kommunen i utgangspunktet kan bruke utan andre bindingar enn gjeldande lover og forskrifter. Gulen har relativt høge frie inntekter per innbyggjar gjennom det nasjonale inntektssystemet, i hovudsak som eit resultat av kompensasjon for t.d. mange eldre innbyggjarar og store reiseavstandar (Gulen er mellom dei ti mest spreiddbygde kommunane i landet). Men fordi desse faktorane også gjev høge utgifter for kommunen, er dei frie inntektene i Gulen i røynda ganske oppbundne.

Kommunal eidegdomsskatt er frie inntekter som kommunen i stor grad styrer over sjølv. Gulen kommune har framleis eit meirinntektspotensiale frå eidegdomsskatt. I kor stor grad eidegdomsskatt skal nyttast for å finansiere det kommunale tenestetilbodet, vert eit politisk spørsmål.

Skatt og rammeoverføringar

Ved utrekning av rammeoverføringar og skatteinntekter er revidert statsbudsjett og KS sin «Prognosemodell for rammetilskot til kommunar, versjon 1702treaar, datert 15.05.17», lagde til grunn.

Finansdepartementet har no justert ned auken i kommunale skatteinntekter til 1,1 % i 2017. For Gulen kommune er lagt til grunn ein nedgong på 0,95 %. I 2018 er lagt til grunn ein auke på 0,13 %, utifrå eit gjennomsnitt dei siste tre åra, som er 103,2 % av landsgjennomsnittet av skatteinntekter pr. innbyggjar. Etter trekk for finansiering av inntektsutjamningsordninga er nivået rekna til 100 % av landssnittet.

Hovudoversynet er basert på uendra folketal frå 01.01.2017 utover i planperioden. Auka folketal gjev auka inntekter. Om folketalet går ned, vert både skatteinntektene og rammeoverføringane lågare. Eventuelt tap vert noko dempa på grunn av INGAR (inntektsgarantiordning), som vart innført frå 2009, og som gjeld rammeoverføringane, men ikkje skatteinntektene.

Dei ordinære skjønsmidlane er inkludert i rammeoverføringane med kr 1,0 mill. i 2018 (som i 2017) og same summen dei andre åra i planperioden. Tap i rammeoverføringane i økonomiplanperioden er rekna inn, som følgje av revideringa av inntektssystemet frå 2017. Lågare vektning av avstandskriteria gjer at Gulen kommune etter ein overgangsperiode får om lag kr 3 mill. mindre pr år gjennom inntektssystemet enn før. Ein del av tapet slo ut alt i 2017.

Utifrå føresetnadene over får Gulen kommune 0,1 % realnedgong i inntekter gjennom inntektssystemet i 2018, og om lag nullvekst i planperioden.

Eidegdomsskatt og konsesjonskraftinntekter

I økonomiplanen er det lagt opp til ein sats på 7 promille for «verk og bruk» (om lag kr 9,5 mill. i 2017) og 3,5 promille frå andre eidegdommar (om lag kr 6,0 mill. i 2017) i årleg inntekt. Det vert gjennomført ny allmenn taksering i 2017, som vil gje høgare takster, og pårekna kr 2 mill. auke årleg frå 2018.

Nye objekt vert takserte etter kvart, og er rekna å gje kr 100 000 i årleg skatteauke. Større planar om landbasert oppdrett, vass- og vindkraft og vidare industriutvikling i Fensfjordområdet kan gje auka inntekter i perioden, men dette er førebels ikkje lagt inn. Konsesjonskraftinntekter er rekna inn med kr 400 000 kvart år, utifrå ei forventning om 2017-nivå heile perioden.

Konsesjonsavgift

Konsesjonsavgift (frå Matre- og Kløvtveit-utbyggingane) inngår i inntektene til kraftfondet, og vert utgiftsført att under posten Bundne avsetningar.

NORM-deponavgift

Frå 2008 til 2016 har Gulen kommune fått tilført kr 45,6 mill. som kompensasjon for at NORM-avfall (lågradioaktivt avfall) vert behandla og lagra i kommunen (underjordisk deponi i Sløvåg). Inntekta har vore sett av til fond og nytta til finansiering av investeringar (Hovden II, brann- og redningsvesen, omsorgsbustader Dalsøyra og ny barnehage Hovden). Inntekta er noko uviss fordi deponieigar ikkje er samd med kommunen om retten til slik kompensasjon framover. Økonomiplanen 2018-21 inneheld ei årleg inntekt på kr 2 mill., som svarar til rundt 50 tonn nytt avfall til lagring og kompensasjon som før. I 2018-21 er heile inntekta budsjettert nytta i drifta.

Havbruksfond

Gulen kommune ga høyringsinnspel om innretting av eit nasjonalt havbruksfond i F-sak 3/16. I framlegg til statbudsjett for 2017 er ordninga omtala slik:

«Kommuner og fylkeskommuner som legger til rette for havbruk skal belønnes. Regjeringa har derfor i samsvar med Stortingets forutsetningar etablert retningslinjer for et havbruksfond der 80 pst. av vederlaget for nye lakse- og

ørretkonsesjoner og økt kapasitet på eksisterende konsesjoner skal fordeles til kommuner og fylkeskommuner. Ordningen er gjort gjeldende for alle nye utlysninger av vekst etter 1. januar 2016, der det kreves vederlag til staten.»

For vanlege konsesjonar skal 70% av vederlaget delast ut til kommunane etter storleiken på maksimal tillatt biomasse (MTB). Gulen kommune har 1,39 % av volumet i Noreg, og bør såleis få opp mot kr 100 000 pr ny vanleg konsesjon, som kostar kr 10 mill. Utviding av volum for noverande konsesjonar (VTB) vert fordelt på same måte. 27 slike konsesjonar har tilført fondet kr 40,5 mill. i 2016. Gulen sin del av dette bør gje om lag kr 400 000. På grunnlag av noverande kunnskap om ordninga er inntekter frå havbruksfond rekna inn med kr 0,5 mill. i 2017 og kr 1 mill. kvart av åra 2018-21.

Øvrige generelle statstilskot og kompensasjon for meirverdiavgift

Kommunane får kompensasjon for meirutgifter til investeringar i skulebygg i samband med 6-årsreforma i 1997. Kompensasjonen skal dekkje rente- og avdragsutgifter, og vert gradvis lågare som fylgje av reduserte renteutgifter på det kalkulerede låneopptaket.

«Skulepakken», ei liknande kompensasjonsordning til investering i skule og symjeanlegg, dekkjer berre renteutgiftene, er aktivert frå 2016, og veg opp for det årlege tapet i samband med den gamle ordninga.

Kommunane får og kompensasjon for meirutgifter til investeringar i omsorgsbustader på slutten av 1990-talet, og til gjennomføring av eineromsreforma.

Kompensasjon for betalt meirverdiavgift i samband med investeringar er frå 2014 ført rett i investeringsrekneskapen, og reduserte inntektene på posten med om lag kr 2 mill. frå dette året. Tidlegare år vart inntektene ført tilbake til investeringsrekneskapen under Avsettingar. Endringa har difor ikkje netto verknad på drifta.

FINANS- OG UTGIFTSFØRESETNADER

Renteinntekter og utbytte

Rentenivået på innskot er rekna inn med 2,0% i heile økonomiplanperioden. Som følgje av bruk av fond til å finansiere investeringar er gjennomsnittleg renteinntekt rekna å verte redusert med kr 50 000 kvart år framover.

Noko av renteinntektene høyrer til bundne fond, og må difor førast ut av drifta att under posten Bundne avsettingar. Renteinntekter frå NORM-fondet (ubunde driftsfond) er føresett brukt i drifta.

Utbytte frå BKK for 2016 vart kr 1 371 019, og er rekna inn med same nivå i heile perioden.

Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter

Rentenivået på lån er rekna til 2,0% i heile økonomiplanperioden. Planen legg opp til ei netto årleg auke i renteberande lånegjeld på om lag kr 8 mill. + startlån i 2018, kr 18 mill. + startlån i 2019, kr 30 mill. + startlån i 2020 og kr 40 mill. + startlån i 2021. Dette fører til auke i renteutgifter på kr 160 000 i 2018, kr 360 000 i 2019, kr 600 000 i 2020 og kr 800 000 i 2021. Auken i avdrag vert kr 320 000 i 2018 og 2019, kr 720 000 i 2020 og kr 1,2 mill. i 2021. Nye lån er føresett tatt opp som serielån med 25 års løpetid.

Bundne avsettingar

Bundne avsettingar er i hovudsak konsesjonsavgifter og renter som skal leggjast til kraftfond og næringsfond.

Pensjonsføringar

Premieinnbetalingane til KLP vart varsla å verte langt høgare i 2017 enn den utrekna pensjonskostnaden. Dette ville gje eit positivt premieavvik på om lag kr 6,5 mill. i 2017. Utifrå nye prognosar frå KLP ser avviket no ut til å bli kr 4,2 mill., som skal dekkjast inn gjennom dei neste 7 åra med ein utgift på 1/7 kvart år. Nedjusteringa skuldast låg lønnsvekst og bra økonomisk resultat for KLP i 2016.

Same nivået på premieavvik som no venta i 2017 er nytta i åra 2018-21. Det er og føresett at budsjetterte utgifter på rammeområda vert på 2017-nivå desse åra.

Overskot frå KLP, som delvis vert ført tilbake til eigarkommunane i form av betaling av kommunal pensjonspremie, står som ein eigen inntektspost i rekneskapen. I

økonomiplanen er rekna med at dette «utbyttet» vil utgjere kr 700 000 kvart år i

økonomiplanperioden, som i 2017. Om summen vert høgare vil premieavviket verte om lag tilsvarande redusert.

Om premieinnbetalingane vert høgare enn den utrekna pensjonskostnaden i åra framover, slik det ser ut no, vil Gulen kommune dei neste åra (heilt fram til 2022) få stadig mindre å fordele til rammeområda som følgje av at stadig fleire år med premieavvik skal dekkjast inn i rekneskapen.

Dekking av underskot/Frie avsetningar

KS tilrår kommunane å setje av minst 1,75 % av brutto driftsinntekter kvart år til ymse naudsynte og ynskjelege tiltak, t.d. delfinansiering av investeringar og buffer mot uventa utgifter og større eingongstiltak innafor drifta. For Gulen kommune utgjer dette om lag kr 4,4 mill. Kommunen har frå før ein buffer på om lag kr 35,3 mill. i disposisjonsfond, etter avsetnader i nokre år med høgare inntekter enn normalt.

Om innsparingstiltaka dei neste fire åra vert gjennomførte som føresett, vil driftsmarginen liggje på kr 147 000 i 2018, kr 1 825 000 i 2019, kr 2 171 000 i 2020 og kr 269 000 i 2021.

DRIFT 2018-2021

Prioritering dei siste åra

Tabellen under syner korleis Gulen kommune prioriterer ressursane, samanlikna med høvesvis kommunar som liknar Gulen (gruppe 05) og alle kommunane i landet:

Kommunale prioriteringar i Gulen samanlikna med andre kommunar (alle tal i kr)	Gulen 2012	Gulen 2013	Gulen 2014	Gulen 2015	Gulen 2016	Gr. 05 2016	Landet 2016
Netto driftsutgifter pr innbyggjar 1-5 år, barnehagar	124 850	141 520	134 716	145 077	123 526	149 715	138 739
Netto driftsutg. pr innb. 6-15 år, grunnskuleopplæring	137 377	141 240	149 718	151 732	165 148	150 159	104 893
- Utgifter til skoleskyss, per innbyggjar 6-15 år	4 276	4 373	4 339	4 258	4 292	4 539	2 117
Netto driftsutg. pr innbyggjar, kommunehelsetenesta	3 458	3 657	3 794	3 740	3 963	4 812	2 507
- Netto driftsutg. til diagnose, beh. og rehab. pr. innb.	2 531	2 750	2 788	2 781	2 781	3 674	1 637
Netto driftsutg. pr innb. 67 år og over, pleie og omsorg	142 234	144 021	148 840	144 637	152 078	126 354	113 703
Netto driftsutg. pr. innb. 80 år og over, pleie og omsorg	398 831	399 118	433 955	452 480	470 150	392 481	394 140
- Andel innb. under 67 år som får heimetenester	1,5	1,5	1,5	1,5	1,4	2,8	2,0
- Andel innb. 67-79 år som får heimetenester	6,4	4,8	6,4	7,6	5,9	8,7	6,7
- Andel innb. over 80 år som får heimetenester	39,2	36,6	37,0	37,8	35,9	40,8	32,1
- Andel innb. 80 år og over som bur på institusjon	18,2	13,1	14,9	12,8	13,7	18,5	13,3
Netto driftsutgifter pr innb. 20-66 år, sosialtenesta	798	1 128	2 081	1 511	2 312	2 788	3 907
Netto driftsutg. pr innb. 0-17 år, barneverntenesta	5 088	4 822	5 258	4 340	4 648	9 227	8 895
Netto driftsutg. pr innb., adm., styring og fellesutgifter	7 426	8 095	8 536	8 282	8 550	10 631	4 138

*Gruppe 05 er kommunar som kan samanliknast med Gulen, dvs. kommunar med få innbyggjarar, høge bundne kostnader og middels frie inntekter. Frå 2010 til 2013 var Gulen i gruppe 04 (få innbyggjarar, høge bundne kostnader og låge frie inntekter). I høve til andre i denne gruppa nyttar Gulen høvesvis mykje av ressursane til m.a. pleie og omsorg og barnehage, og mindre til m.a. kommunehelse, sosial, barnevern og administrasjon, styring og fellesutgifter.

Økonomiske nøkkeltal dei siste åra

Økonomiske nøkkeltal frå Gulen samanlikna med andre kommunar (førebelse tal frå KOSTRA)	Gulen 2012	Gulen 2013	Gulen 2014	Gulen 2015	Gulen 2016	Gruppe 05* 2016	Alle 2016
(alle tal i kr)							
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	172,9	173,2	186,8	181,0	195,9	220,0	212,0
Arbeidskapital i prosent av brutto driftsinntekter	38,1	21,7	29,4	29,2	37,3	19,7	18,1
Frie inntekter i kroner pr innbyggjar	61 998	63 516	65 455	65 020	69 126	72 450	53 159
Netto lånegjeld i kroner pr innbyggjar	29 128	29 593	33 042	35 835	42 526	70 816	62 704

Økonomiske framtidsutsikter for drifta i planperioden

Med relativt låg vekst i rammeoverføringane dei siste åra, og utsikter til reell reduksjon i overføringane framover, må Gulen kommune kontinuerleg fokusere på nøktern økonomisk drift og innsparingar.

Kommunen har ei utfordring med å finne ei økonomisk berekraftig organisering av tenestene innan Omsorg. Strategiplanen for pleie og omsorg vart revidert i 2016, og tiltak med økonomisk innsparingseffekt er innarbeid i økonomiplanen.

Innan Oppvekst ynskjer vi å sjå på utvikling av GulenSkulen. Det er ynskjeleg med ei modernisering av opplæringstilbodet der ein tar i bruk teknologi til å samordne meir av undervisninga og tar i bruk nye nettbaserte læremiddel. I ein omstillingsprosess er det

naturleg å sjå på moglegheiter for tettare samarbeid rundt drift av oppvekstsektoren med nabokommunen Masfjorden.

På inntektssida kan ny taksering av skatteobjekt for eigedomsskatt og auke til maksimal eigedomsskattesats (7 promille) for heilårs- og fritidsbustader gje meirinntekter utover det som ligg i økonomiplanen. Med om lag like mange fritidsbustader som heilårsbustader i kommunen, har Gulen høgare inntekspotensial enn mange andre kommunar. I ei nasjonal undersøking låg Gulen kommune i 2015 på 289. plass (av 407 kommunar som var med i undersøkinga) når det gjaldt vass-, avlaups-, feie- og revonasjonsgebyr og eigedomsskatt samla.

Kompensasjonsinntektene for NORM-deponi er uvisse framover, og kan medføre eit inntektstap på kr 2 mill. årleg i høve til nivået i økonomiplanen. Om Gulen kommune vinn saka kan inntektene verte høgare enn rekna inn i planen.

Den nasjonale ordninga med havbruksfond som er under oppretting, og som vil gje oppdrettskommunane ei inntekt frå sal av nye konsesjonar, kan gje meir inntekt enn rekna inn i økonomiplanen, men kan og gje mindre, avhengig av talet på nye konsesjonar på landsbasis.

Føringar frå kommuneplanen sin samfunnsdel for planperioden

Samfunnsdelen inneheld mål for heile planperioden 2012-24, og har tre hovudsatsingsområde med strategiar:

A) Busetnad/kommunale tenester

1. For å møte utfordringa med å skaffe arbeidskraft til framtidig utvikling av bedrifter i Gulen, skal det i arealplanen leggest til rette areal for næringsbygg, bustader/ utleigeeiningar og ev. idrettsanlegg. Dette skal skje i samarbeid med næringsliv, bygdefolk og i dialog med Masfjorden kommune.
2. Styrke nærmiljø-anlegga tilknytt dei fire grunnskulane, for å stimulere til meir allsidig fysisk, sosial og kulturell aktivitet og styrke det aktivitetstilbodet ein alt har.
3. Tilrettelegge for attraktive tomter til fast busetnad, også spreidd busetnad. Arealplanen skal syne aktuelle område, trygge for ras, flaum, havstigning o.l.
4. Tilrettelegge nye bustadfelt/fortetting i/nær eksisterande bustadområde.
5. Effektiv kommunal sakshandsaming i utbyggingssaker.
6. Bruk av juridisk forpliktande avtalar for å sikre at attraktive tomter ikkje vert selde vidare til fritidsføremål.
7. I alle skulekrinsane skal det vere barnehage, skule og bu- og omsorgsbustader.
8. Gulen kommune skal bidra til å styrke helsa til alle innbyggjarar ved å tenkje «Helse i alt ein gjer». Folkehelse og førebyggjande strategi skal ligge til grunn og implementerast i alt kommunalt planarbeid.
9. Regulere areal til private tenestetilbod i alle krinsar.
10. Styrke det frivillige arbeidet i kommunen ved å vidare utvikle kultur, idrett og friluftslivstilbodet til alle våre innbyggjarar.
11. Legge til rette for innvandring og allereie etablerte innvandrarak.

B) Infrastruktur/næringsliv

1. Satse på vidareutvikling av næring i Gulen.
2. Satse på kultur- og reiselivsbaserte næringer, og særleg behalde og vidareutvikle fritids- og turistfiskebasert næring og akvakultur.
3. Legge til rette for næringsutvikling langs E39.
4. Arbeide for betre sambindingsveggar i kommunen, og for trygt trafikkmønster i og mellom bygdesentra.
5. Styrke kollektivtilbodet i kommunen.
6. Legge til rette for trygge veggar for gåande og syklende til og frå skule, barnehage og arbeidsplass, for å stimulere til fysisk aktivitet.
7. Moderne teknologi skal vere tilgjengeleg i heile kommunen.
8. Samarbeide med nabokommunar.
9. Betre infrastrukturen i kommunen (nytt, frå K-sak 79/16 – kommunal planstrategi 2016-19)

C) Barn og unge/kultur

1. Kontinuerleg vurdering og utvikling av kvalitet på tenestene.
2. Styrke dei kommunale tenestene for dei som treng ekstra oppfølging og arbeide for å utjamne sosial ulikskap.

3. Halde fast på nærleik til barnehage, skule og helsestasjon.
4. Legge til rette for større ungdomsmiljø.
5. Arbeide for fleire møteplassar for barn/unge.
6. Prioritere kulturarbeid for barn og unge.
7. Styrke kultursektoren og frivilligsektoren.
8. Utvikle Tusenårsstaden Gulatinget til eit nasjonalt kulturminne og som eit fyrtårn i regionalt reiseliv og kulturliv.
9. Betre samarbeid mellom skule og næringsliv (nytt, frå K-sak 79/16 – kommunal planstrategi 2016-19)

I oversynet over nye satsingstiltak under er alle nye satsingstiltak «heimla» i ein av strategiane over, slik at innsatsen i fireårsperioden skal vere målretta. Inndekkingstiltaka under Kostnadsreducerande tiltak/Auka finansiering består av tiltak som er moglege å kostnadseffektivisere, nedtone eller fjerne utan å kome i strid med lovverket, og som er naudsynte for å få råd til satsingstiltaka og samstundes behalde den økonomiske handlefridomen.

Føresetnader for løns- og prisutvikling

Lønsveksten vart rekna inn i budsjettet for 2017 med 2,2 % utifrå lønsnivået i september 2016. Utgift til pensjonsordninga vart budsjetttert med 16 % i KLP og 10,25 % i SPK (pedagogisk personell). Arbeidsgjevaravgifta er 10,6 % av all løn. Utgangspunktet for budsjettarbeidet var ein prisvekst på 2,5 %.

I kommuneproposisjonen for 2018 er forventa pris- og lønsvekst samla (deflatoren) i 2017 no redusert frå 2,6 % til 2,3 %.

Tala utover i økonomiplanen er framleis rekna på opphavelag 2017-nivå (utan nedjusteringa i kom.prp.). Venta utgiftsreduksjon i 2017 utgjør om lag kr 576 000, som truleg kan hentast inn frå rammeområda i løpet av året om det er ynskje om det.

Økonomiske rammer for 2018-21

Gulen kommune har tonivåmodell og 14 ulike budsjettansvarlege for kvart sitt budsjettområde. I økonomiplanen er desse områda grupperte sektorvis. Økonomiplanen vert vedteken som netto utgiftsramme for kvar sektor (100 Ymse føremål, 2xx Oppvekst, 3xx Omsorg, 400 Plan, landbruk og teknisk), og rammene er rettleiande for planlegging i 2018-2021. Alle summar for 2018-2021 er førte opp i faste 2017-prisar.

Nye satsingar

Desse nye satsingane ligg i økonomiplanen:

Nr	Nye tiltak finansierte over drift	2018	2019	2020	2021
1	Busetnad/kommunale tenester				
1.1	Konsulentkjøp, gjennomføring av omsorgsplan	200 000	0	0	0
1.2	Auka driftsutgifter, omsorgsbustader Dalsøyra	0	0	0	0
1.3	Ny organisering av legetenesta	1 000 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000
1.4	Auka kjøp av psykologtenester med 20% stilling	81 000	81 000	81 000	81 000
1.5	Styrke leing for PU-tenesta med 40 % stilling	42 000	42 000	42 000	42 000
1.6	Konsulentkjøp, innsparingsplan PLT	100 000	0	0	0
2	Infrastruktur/næringsliv				
2.1	Breiband	2 000 000	500 000	500 000	500 000
3	Barn og unge/kultur				
3.1	Auka driftsutgifter, Brekke barnehage	70 000	70 000	70 000	70 000
3.2	Auka driftsutgifter, Hovden barnehage	70 000	70 000	70 000	70 000
3.3	Tilskot til Utkant	75 000	75 000	75 000	75 000
3.4	Utvida prestestilling	45 000	45 000	45 000	45 000
	Sum	3 683 000	2 383 000	2 383 000	2 383 000

Kommentarar til nye satsingar

1 Busetnad/kommunale tenester

Dei prioriterte tiltaka skal vere med på å bidra til at vi kan auke innbyggjartalet til minimum 2 500 og behalde 4 livskraftige bygdesenter med levande grender rundt. Tiltaka skal sikre innbyggjarane gode tilbod og skape møteplassar. Gjennom tiltak skal vi sikre trygge og framtidsretta bustadområde.

1.1 Konsulentkjøp, gjennomføring av omsorgsplan

Planen legg føring og retning for vidare arbeid, satsingar og kompetanseheving innan omsorgssektoren i inneværande planperiode. I samband med arbeidet med planen er det utarbeidd ein handlingsplan for framtidig innretning av omsorgstenesta i Gulen kommune. Satsingsområda har utgangspunkt i Nasjonale føringar, St.melding nr. 29 « Morgondagens Omsorg». Målet er m.a. at velferdsteknologi skal bli ein integrert del av helse- og omsorgstenesta innnan 2020. Løyvinga i 2018 er oppfølging av ei løyving frå 2017, og er tiltenkt kjøp av konsulenttenester for å gjennomføre satsingsområda.

1.2 Auka driftsutgifter, omsorgsbustader Dalsøyra

Bygging av nye bustader for ressurskrevjande brukarar ved Dalsøyra bu- og omsorgssenter er starta opp mai 2017, og planlagt avslutta tidleg haust 2018. Prosjektet omfattar og ny kontorddel og nytt aktivitetssenter. Sprinkling av eksisterande bu- og omsorgssenter ligg ikkje inne i kostnaden, og vert eit eige prosjekt. Usikkert kor stor auken i driftutgiftene vert etter nybygget er på plass. Vert noko større fellesareal å drifte (reinhald, oppvarming o.l.).

1.3 Ny organisering av legetenesta

Legetenesta i Gulen kommune er i omstilling. Etter fleire tiår med stabil legedekning er vi no i ein situasjon der vi skal rekruttere til 2 av 3 fastlegestillingar (i dag i hovudsak privatpraksis med driftstilskot). I den samanheng må kommunen vurdere om alle tre legestillingane skal verte fastlønstillingar. Første tilsetning er gjort, og vi ser føre oss at neste rekruttering skjer i løpet av 2018. Uansett kva ein no landar på er det bestemt at kommunen overtek ansvaret for drifta av legesenteret, og eigenandelane som dei fastlønne legane tek inn vert ein del av drifta på kontoret. Kommunen lønнар og hjelpepersonell. Dersom vi evt. endar på å behalde privat praksis vil vedkommande sine inntekter og utgifter gå til fråtrekk.

1.4 Auka kjøp av psykologtenester med 20 % stilling

Gulen kommune kjøper i dag 20 % stilling kommunepsykolog frå Masfjorden kommune. Etter møte med Masfjorden er det kome signal om at Gulen i realiteten nyttar opp mot 40 % stilling. For at samarbeidet skal halde fram krev Masfjorden at Gulen kjøper 40 % stilling frå 01.06.2017. Ein føresetnad er og at samarbeidet vert betre mellom legetenesta, psykisk helse og psykologen. For å løyse desse utfordringane bør vi auke stillinga med 20 %.

1.5 Styrke leiing for PU-tenesta med 40 % stilling

PU-tenesta har store utfordringar innan leiarstrukturen, m.a. ser vi at leiar ofte sluttar etter kort tid. Tenesta er inne i til dels store endringar, og det trengs å styrke leiinga. Administrasjonen ynskjer å sette inn nestleiar i 80 % stilling. For å gjennomføre auken vert fagleg ressurs som i dag er 20 %*2 slått saman og tilført 40 % ny stilling. Auken kjem inn under ordninga med ressurskrevjande brukarar, og vert dermed finansiert 80% frå staten.

1.6 Konsulentkjøp, innsparingsplan PLT

PLT har utfordringar framover, og det er krevjande å finne omleggingar i drifta som vil gje innsparing. Det er behov for å sjå nærare på ressursbruk og driftsform. Som eit nytt tiltak er det difor føreslått å setje av midlar til å køyre ein organisasjonsprosess for å vurdere omleggingar innan PLT.

2 Infrastruktur/næringsliv

Dei prioriterte tiltaka skal vere med på å skape fleire lønsomme og varierte arbeidsplassar. Tiltaka skal bidra til å minske avstandsulempene slik at kommunen kan vere eit felles bu- og arbeidsområde.

2.1 Breiband

Satsing på utbygging av fiberbasert breiband, med løyvingar kvart år i planperioden for å utløyse statlege og fylkeskommunale tilskot til slik utbygging i Gulen.

3 Barn og unge/kultur

Dei prioriterte tiltaka vil bidra til å gje god kvalitet på tenester til barn og unge og skape trygge og gode oppvekstvilkår. Tiltaka vil vidare vere viktig for å skape felles identitet.

3.1 Auka driftsutgifter, Brekke barnehage

Avskrivingskostnader er ikkje tekne med. Kostnadsauken er knytt til utviding av arealet som krev meir reinhald, auka oppvarmingskostnad og nye serviceavtalar.

3.2 Auka driftsutgifter, Hovden barnehage

Avskrivingskostnader er ikkje tekne med. Kostnadsauken er knytt til utviding av arealet som krev meir reinhald og nye serviceavtalar knytt til brannvarsling og ventilasjon. Oppvarmingskostnadene aukar truleg ikkje.

3.3 Tilskot til Utkant

Lagt inn med same årlege sum som dei siste åra, etter ynskje frå formannskapet på møte 16.05.17. I HØP 2017-20 låg ikkje inne løyvingar til Utkant etter 2017.

3.4 Utvida prestestilling

Auka løyving til Gulen kyrkjelege fellesråd med kr 45 000 i 2017 og ytterlegare kr 45 000 frå 2018 for å delfinansiere auka prestestilling i området Gulen, Masfjorden og Solund. Etter dette er det tre prestestillingar i området.

Kostnadsreducerande tiltak/Auka finansiering

Dette ligg i økonomiplanen:

	Kostnadsreducerande tiltak/Auka finansiering	2018	2019	2020	2021
1	Driftsomlegging sentraladministrasjonen	400 000	400 000	400 000	400 000
2	Driftsomlegging oppvekst	300 000	800 000	1 800 000	2 400 000
3	Driftsomlegging PU	750 000	750 000	750 000	750 000
4	Driftsomlegging omsorg etter revidert omsorgsplan	750 000	2 250 000	3 250 000	3 250 000
5	Driftsomlegging PLT	400 000	400 000	400 000	400 000
6	Retaksering eigedomsskatt	2 500 000	2 500 000	2 500 000	3 000 000
7	Behalde frivilligsentralen	0	0	0	0
8	Ny inntekt frå havbruksfond	500 000	500 000	500 000	500 000
9	Redusere driftsmargin frå 1,75 % (om lag kr 4,4 mill.)	4 253 000	2 575 000	2 229 000	4 131 000
	Sum	9 853 000	10 175 000	11 829 000	14 831 000

Kommentarar til kostnadsreducerande tiltak/auka finansiering

1 Driftsomlegging sentraladministrasjonen

Innsparing vert gjennomført gjennom reduksjon av ca. 1 stilling. Skjer ved naturleg avgang og i samband med ledige stillingar. Innber effektivisering, samt omfordeling og bortfall av oppgåver.

2 Driftsomlegging oppvekst

Elevtalsutvikling med utgangspunkt i registrerte barn no (flytting til og frå vil endre tala):

Haut 2017	Haut 2018	Haut 2019	Haut 2020	Haut 2021
280	266	254	239	239

I Gulen er det i underkant av 10 elevar pr lærarstilling. Med ein nedgang i elevtalet på 40 elevar vil det seie at ein skal kunne spare ca 4 stillingar, eller ein stilling pr eining. Dette vil gje ei innsparing på kr 2,4 mill. Dette er i samsvar med den totale innsparinga i gjeldande økonomiplan. Nedgangen er nokolunde lik for alle einingane. Ein bør difor ikkje gjere strukturendringar for å dekke denne innsparinga, men om mogeleg gjere ei justering av innsparingane tilpassa nedgangen i elevtalet. Dette sikrar og at ein held på fleksibiliteten ein har, med gjeldande struktur, og ein vil ikkje ha problem med auka tilflytting. Reduksjonskrav utover det som ligg i planen medfører at ein ser på omleggingar i ungdomsstegsstrukturen, der ein kan gjere omleggingar mellom einingane i Gulen eller i samarbeid med Masfjorden.

3 Driftsomlegging PU

Handlingsdelen skisserer innsparingar av to stillingar gjennom innføring av ny turnus frå 01.05.17 med langvakter. Nytt aktivitetssenter vil redusere trongen for 1:1 bemanning på dagtid for ein del av brukarane.

4 Driftsomlegging omsorg etter revidert omsorgsplan

Handlingsdelen skisserer innsparing av to stillingar ved Gulen sjukeheim/Eivindvik sone med verknad frå 01.05.17. Føresetnaden er at open omsorg kan ta i mot meir pleietrengande personar.

Innføring av velferdsteknologi vil og føre til at personar kan bu lengre heime, og dermed føre til mindre kostnader for kommunen. Ein føresetnad er breibanddekning i heile kommunen.

5 Driftsomlegging PLT

Driftstal for 2016 syner at PLT slit med å halde budsjettet. For 2017 legg ein opp til å halde vakante stillingar (vilt) og avgang i stilling (drift). Ein føretekk ikkje vikarinleige. PLT har utfordringar framover, og det er krevjande å finne omleggingar i drifta som vil gje innsparing. Det er behov for å sjå nærare på ressursbruk og driftsform. Som eit nytt tiltak er det difor føreslått å setje av midlar til å køyre ein organisasjonsprosess for å vurdere omleggingar innan PLT.

6 Retaksering eigedomsskatt

Det vert no gjennomført ny allmenn taksering i Gulen kommune, med verknad frå skatteåret 2018. Verdiar på alle eigedomar vert oppjustert frå 2007/2009 og vil gje grunnlag for utskrivning av nye takstar på eigedomane i Gulen kommune. Førebelse prognosar tyder på at det her ligg noko handlingsrom i høve nye inntekter.

7 Behalde frivilligsentralen

Lagt inn med same årlege sum som dei siste åra, etter ynskje frå formannskapet på møte 16.05.17. I HØP 2017-20 låg ikkje inne løyvingar til frivilligsentralen etter 2018.

8 Ny inntekt frå havbruksfond

Regjeringen har varsla at inntekt frå nye havbrukskonsesjonar frå 2016 delvis skal tilfalle vertskommunane for oppdrett. Gulen har 1,39 % av konsesjonane i Noreg pr november 2015. Truleg vil første runde med fordeling skje hausten 2017, med noko over kr 0,5 mill. til Gulen kommune. Nivået framover er framleis uvisst, men det er lagt inn kr 0,5 mill. utover 2017-nivå årleg, dvs. kr 1 mill. i slike inntekter kvart år framover.

9 Redusere driftsmargin frå 1,75 % (om lag kr 4,4 mill.)

KS tilrår å leggje opp til driftsmargin på om lag 1,75 % av dei disponible inntektene kvart år, for å ha handlingsrom til å kunne delfinansiere nye drifts- og investeringstiltak utover handlings- og økonomiplanen og ha buffer mot uventa meirutgifter.

Endringar i rammer i planperioden

I ramma for 100 er val trekt ut i 2018 med kr 150 000, lagt til att i 2019, trekt ut att i 2020 og lagt til att i 2021. Satsing på arkiv, Prosjekt Kysten og forprosjekt fv. 57 er trekt ut med kr 150 000, kr 80 000 og kr 100 000 frå 2018. Driftsomlegging reduserer ramma med kr 400 000 frå 2018. Heilårseffekt av prestestilling aukar ramma med kr 45 000 frå 2018. Breibandssatsing aukar ramma med netto kr 1,6 mill. i 2018, og kr 1,1 mill. av desse vert trekt ut att frå 2019.

I ramma for 2xx er driftsomlegging fasa inn med reduksjon av ramma på kr 300 000 i 2018, ytterlegare kr 500 000 frå 2019, ytterlegare kr 1 000 000 frå 2020 og ytterlegare kr 600 000 frå 2021. Forprosjekt Byrknes barnehage er trekt ut att frå 2018 med kr 100 000. I ramma for 3xx er kr 100 000 trekt ut frå 2018 og ytterlegare kr 200 000 frå 2019 på grunn av avtakande konsulentkjøp i samband med omsorgsplan. Driftsomlegging PU gjev redusert ramme med kr 750 000 frå 2018, driftsomlegging etter ny omsorgsplan ligg inne med kr 750 000 frå 2018, ytterlegare kr 1,5 mill. frå 2019 og ytterlegare kr 1 mill. frå 2020 på grunn av driftsomlegging.

I ramma for 4xx er auka driftsutgifter på grunn av større barnehagar i Brekke og Hovden lagt inn med kr 70 000 og kr 70 000 frå 2018. Ramma er redusert med kr 400 000 frå 2018 på grunn av driftsomlegging. Konsulentkjøp i samband med innsparingsplan for PLT aukar ramma med kr 100 000 i 2018, som vert trekt ut att i 2019.

INVESTERINGAR 2018-2021

Det er lagt opp til investeringar i økonomiplanperioden på om lag kr 181 mill., som er ein nedjustering frå kr 196 mill. i 2017. Reduksjonen er i hovudsak knytt til at siste del av Omsorgsbustader Dalsøyra vart finansiert i 2017, medan det ikkje er lagt inn nye større prosjekt i planen no. Dei store prosjekta Symjehall og Bygg Tusenårsstaden Gulatinget er flytta til dei to siste åra i økonomiplanperioden, både utifrå framdrifta til no og moglege finansieringsløyser.

I driftsbudsjettet er netto renteberande lånegjeld føresett å auke med om lag kr 8 mill. i 2018, kr 18 mill. i 2019, kr 30 mill. i 2020 og kr 40 mill. i 2021. Dei store lånoptaka i slutten av perioden er føresett kombinerte med store eksterne tilskot. Lånegjelda aukar med over kr 40 000 pr innbyggjar i økonomiplanperioden.

I tillegg til tabellen under skal inntekter frå tomtosal og låneordningar til vidare utlån gjennom Husbanken førast i investeringsrekneskapan. Utifrå nivået dei siste åra er årlege nettoinntekter frå sal av bustadtomter i åra 2018-21 sett til kr 200 000. Årlege låneoptak frå Husbanken til vidare utlån (startlån), som over tid vert finansiert av låntakarane, er sett til kr 2 mill.

Oppstarta, ikkje fullførte investeringsprosjekt frå 2016 og prosjekta frå 2017 inngår ikkje i oversikta under. Løyvingar til eventuelle finansierte, men ikkje fullførte prosjekt vert vurdert overført til 2018 etter årsskiftet.

Det er ikkje lagt inn auke av rammene på grunn av driftsmessige effektar knytt til investeringane. Symjeanlegg vil truleg føre til minst kr 3 mill. i auka utgifter frå 2022. Bygg på Tusenårsstaden Gulatinget vil truleg og belaste kommunebudsjettet med auka driftsutgifter. Begge dei nemnde prosjekta er i stor grad avhengige av ekstern finansiering. IKT-investeringane vil føre til noko auka driftsutgifter. Desse må dekkjast innafor dei vanlege budsjetttrammene. Dei bygningsmessige investeringane vil kunne føre til både auka og reduserte driftsutgifter, avhengig av korleis prosjekta vert utforma, til dømes gjev ENØK-investeringar lågare driftsutgifter, medan bygging av meir areal gjev høgare driftsutgifter i framtida.

Før dei større prosjekta i planen vert oppstarta skal det som hovudregel leggjast fram ei politisk sak med detaljering av dei ulike prosjekta.

Investeringsprosjekt som skal gjennomførast/gjev utgifter i perioden

Brutto investeringar (i 1 000 kr)	2018	2019	2020	2021	Sum
Busetnad/kommunale tenester					
IKT – ymse (1100-1220)	1 000	1 000	1 000	1 000	4 000
Bustadfelt Dalsøyra (6450)	1 000	9 000			10 000
Bustadfelt Ortneset (646x)	500	4 500			5 000
Sentrumstiltak Eivindvik (xxxx)*	1 500	2 000			3 500
Bilar ymse (2100)	300	300	300	300	1 200
Ombygging og utstyr, reinhaldsfunksjonar	500				500
Byrknes skule – ventilasjon (xxxx)		1 500			1 500
Byrknes skule - gjerde		150			150
Eivindvik skule – etablering av bossanlegg og drenering av skuleplass (xxxx)		200			200
Eivindvik skule - lys langs veg	300				300
Eivindvik og Byrknes skule, kommunehus - brann- og sikringstiltak	1 000				1 000
Bu- og omsorgssenter - universell utforming, dører			500		500
Gulen sjukeheim - kjøle- og fryseanlegg, SD-overvaking osv.	1 000				1 000
Infrastruktur/næringsliv					
Trafikksikringstiltak (4510)*	1 500		1 500		3 000
Investeringar kommunale vegar (4530 og 4550)	2 000	2 000	2 000	2 000	8 000
Opprusting Ånneland vassverk (xxxx)					0
Opprusting Eivindvik vassverk (xxxx)	3 000				
Kloakksanering Eivindvik sone 6 og 8 (3300)	1 500	3 000			4 500
Barn og unge/kultur					
Symjeanlegg (4400)*		1 000	40 000	39 000	80 000
Tusenårstaden Gulatinget (6150)*				53 400	53 400
Ymse					
Investeringstilskot til Gulen kyrkjelege fellestråd (6110)	150	150	150	150	600
Eigenkapitalinnskot - KLP (7020)	700	700	700	700	2 800
Sum	15 950	25 500	46 150	96 550	181 150

Det er viktig å presisere at tabellen over viser bruttoinvesteringar. For fleire av postane ligg det inntekter/tilskot som er synt til i tabellen og kommentarane under. Utover i perioden ligg det fleire store prosjekt som neppe vert gjennomført utan medfinansiering frå andre.

Finansieringsbehovet i **2018** vert dekt slik:

Finansiering av brutto investeringar	Alle tal i 1000 kr
Lån	13 330
Disposisjonsfond	700
Disposisjonsfond: NORM-fond	0
Mva.komp. frå investeringar	1 920
Eigne tilskot	0
Tilskot frå andre	0
Sum	15 950

Kommentarar til investeringane**Busetnad/kommunale tenester**

Dei prioriterte til taka skal vere med på å bidra til at vi kan auke innbyggjartalet til minimum 2 500 og behalde 4 livskraftige bygdesenter med levande grender rundt. Tiltaka skal sikre innbyggjarane gode tilbod og skape møteplassar. Gjennom tiltak skal vi sikre trygge og framtidretta bustadområde.

IKT – ymse

Summen gjeld ymse investeringar knytt til auka bruk av IKT i heile organisasjonen. Vert fordelt av administrasjonen på ulike prosjekt gjennom året.

Bustadfelt Dalsøyra

Tiltaket vart alt sett opp i økonomiplanen for 2012. Det er eit ynskje om å utvikle prosjektet i samarbeid med private aktørar. Det føreligg pr d.d. ingen konkrete utviklingsplanar og prosjektet ligg no i økonomiplanen med oppstart i 2018.

Bustadfelt Ortneset

Prosjektet er i tidleg fase. I kommuneplanarbeidet vart eit kommunalt område på Ortneset avsett til bustadområde. Arealmessig avklaring forventast i 2017. Tiltaket sett opp i økonomiplanen i 2018.

Sentrumstiltak Eivindvik

Det er behov for oppgradering av veg i sentrum Eivindvik. Føremålet må vere å få på plass betre skilje mellom bilar og fotgjengarar. Tiltaket er tenkt gjennomført i samband med kloakksanering i området.

Bilar

Ulike tenester har behov for nye køyretøy. Utstyret er mykje i bruk, og det er difor kvart år budsjettert med bytte av 1 bil.

Byrknes skule - ventilasjon

Krav etter forskrift.

Byrknes skule – gjerde

Etablere gjerde rundt leikeareal.

Eivindvik skule – drenering og etablering av bossanlegg

Det må etablerast bossanlegg. Dette grunna brannfare når containarar står inntil skule. Elles drenering av uteområde knytt til dette.

Eivindvik skule – lys langs veg

Montere lysmaster/armatur langs veg frå FV-til snuplass skule/barnehage.

Kommunehuset - etablere bosstasjon

Etablere bossanlegg i tilknytning til kommunehuset.

Eivindvik og Byrknes skule, kommunehus - brann- og sikringstiltak

Grunna avvik knytt til branndokumentasjon vert det no sett eit stort trykk på oppgradering av byggteikningar og brannteknisk vurdering. I dette ligg også nødvendige investeringar som brannvarslingsanlegg.

Bu- og omsorgssenter - universell utforming, dører.

Montere nye ytterdører som er univesiell utforma.

Gulen sjukeheim - kjøle- og fryseanlegg, SD-overvaking osv.

Nytt kjøle/fryseanlegg + overføring av overskotsvarme m.m.

Infrastruktur/næringsliv

Dei prioriterte tiltaka skal vere med på å skape fleire lønsomme og varierte arbeidsplassar. Tiltaka skal bidra til å minske avstandsulempene slik at kommunen kan vere eit felles bu- og arbeidsområde.

Trafikktryggingstiltak

Avsett ramme til trafikktryggingstiltak som får fylkeskommunalt tilskot (75 %). Kommunane søkjer om midlar etter ein kommunal plan, men kan ikkje rekne med å få tilskot kvart år. Ramma vert fordelt til konkrete prosjekt når tilskot er innvilga.

Investeringar kommunale vegar (4530 og 4550)

Tenkt som ei ramme som inneheld fleire oppgraderings- og investeringsprosjekt på kommunale vegar, bruer, kaiar osv. Vert fordelt av administrasjonen på ulike prosjekt gjennom året.

Dei siste åra har mange kommunale vegar fått asfaltdekke, men nokre vegar står att. Det er gjennom inspeksjonar utført av konsulent funne avvik ved fleire av dei kommunale bruene. Fleire stader manglar sikring i form av autovern, og det er behov for å oppgradere enkelte vegparti. Kommunen eig 15 kaiar - fleire av desse treng opprusting. Dette prosjektet kan sjåast i samanheng med trafikktryggingssprosjektet.

Opprusting Eivindvik vassverk

I samband med tilrettelegging for nytt bustadfelt i Eivindvik må det kommunale vassverket oppgraderast. Prosjektet vert over tid betalt av vassverksabonnentane (sjølvkost).

Kloakksanering Eivindvik sone 6 og 8

Tiltaket er i samsvar med *Rammeplan for avløp (1995)*, og gjeld montering av slamavskiljar og påkopling av abonnentar. Prosjektet vert over tid betalt gjennom gebyr (sjølvkost).

Barn og unge/kultur

Dei prioriterte tiltaka vil bidra til å gje god kvalitet på tenester til barn og unge og skape trygge og gode oppvekstvilkår. Tiltaka vil vidare vere viktig for å skape felles identitet.

Symjeanlegg

Det er sett av kr 80 mill. (13 mill. i eigendel) til symjeanlegg. Grunna uavklart finansiering er prosjektet sett av i siste del av økonomiplanperioden. Tiltaket er gjeve prioritet i kommunen sin idrettsplan. Finansiering av prosjektet føreset bidrag frå private. Det er utarbeidd ein forstudie som vil danne grunnlag for å arbeide vidare med å avklare finansiering av prosjektet.

Tusenårsstaden Gulatinget

Kommunen jobbar med å få på plass eit visningsbygg knytt til anlegget. Prosjektet har uavklart finansiering og er flytta sist i økonomiplanperioden. Det er føresett at kommunen og fylkeskommunen stiller med lik finansiering i prosjekta. Det vert også søkt å skaffe anna ekstern finansiering i flest mogleg av tiltaka. Det er søkt om statsstøtte til visningsbygget.

Ymse

Investeringstilskot til Gulen kyrkjelege fellesråd

Ny post som erstattar ekstra tilskot i driftsrekneskapen. Tilskot til andre sine investeringar skal til vanleg førast i driftsrekneskapen. Kyrkjelova heimlar eit unntak for dette på grunn av dei særskilte pliktene kommunen har for kyrkjene. Gulen kyrkjelege fellesråd tek no i bruk Husbanken sin rentekompensasjonordning på lån til oppgradering av kyrkjebygg. Kommunen yter lån til kyrkja og det kommunale bidraget kan inngå som del av finansieringa.

Eigenkapitalinnskot KLP

I takt med auka omsetnad har KLP hatt behov for tilføring av ny kapital frå eigarane. Nivået i økonomiplanperioden er sett utifrå prognosar.